

**Notat**

Dato: 10.09.2018  
Arkivsak: 2018/13880-3  
Saksbehandlar: evevaul

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Ferjedrift og ulykkesstatistikk - svar på spørsmål frå representant Tom Sverre Tomren (KrF)**

I e-post dagsett 29. august 2018, kjem representant Tom Sverre Tomren (KrF), med følgjande spørsmål:

### **Spørsmål 1)**

«I avisa Bygdnytt ble det for kort tid siden omtalt at det var samtaler mellom Osterøy fergeselskap A/S, Osterøy kommune og HFK om fylkeskommunal støtte til driften av ferjestrekninga. Futv bed om ein kort redgjøring om realitetane i denne saken».

#### **Svar på spørsmålet**

På møte i Utval for miljø og samferdsel den 15. mai 2018 var ordførar Jarle Skeidsvoll til stades og orienterte om situasjonen for Osterøy Ferjeselskap. I ettertid har Osterøy kommune sendt brev til fylkeskommunen om sikring av ferjesambandet Valestrand-Breistein. Brevet vart lagt fram for MISA i møte den 15. august 2018 som melding. Utvalet vedtok å setja meldinga på sakskartet som politisk sak, og gjorde slikt vedtak:

*Utval for miljø og samferdsel ber fylkesrådmannen koma tilbake med sak før budsjetthandsaminga hausten 2018 med konkrete muligheter for å sikra ferjesambandet Valestrand-Breistein. Alternativa føreset overgang til låg- eller nullutslepp framdrift.*

### **Spørsmål 2)**

«I august meldte NrK om at Hordaland låg høgt på landsstatestikken når det gjaldt tallet på døde i trafikken så langt i 2018. Underteikna bed om ein kort redgjøring over utviklinga på ulykkestestatikken for trafikken i Hordaland så langt i år inklusiv ein årsaksanalyse».

#### **Svar på spørsmålet**

Fylkesrådmannen har bedt Statens vegvesen om å svara ut spørsmålet. Vegvesenet sitt svar følgjer under.

Statens vegvesens landsstatistikk for trafikkdrepte tom. august 2018 viser følgjande fordeling på dagens fylke (atterhald om seinare endringar):

<b>Trafikkdrepte i fylker, 2018*</b>	
<b>Hordaland</b>	8
<b>Rogaland</b>	7
<b>Akershus</b>	5
<b>Nordland</b>	5
<b>Møre og Romsdal</b>	5
<b>Aust-Agder</b>	5
<b>Buskerud</b>	3
<b>Oppland</b>	3
<b>Troms</b>	3
<b>Sogn og Fjordane</b>	4
<b>Hedmark</b>	3
<b>Vestfold</b>	2
<b>Østfold</b>	2
<b>Trøndelag</b>	2
<b>Vest-Agder</b>	2
<b>Telemark</b>	2
<b>Oslo</b>	2
<b>Finnmark</b>	0

Denne statistikken stadfestar at pr. august ligg Hordaland høgast på fylkesstatistikken over omkomne i trafikken

Ulykkesstatistikken er basert på politirapporterte trafikkuulykker med personskade. Med unntak av dødsulykker har me ikkje fortløpande oppdatert ulykkesstatistikk for inneverande år. Dette har samanheng med registreringsrutinar, der det m.a. vil vere etterslep i fastsetjing av skadegrad i ulykkene, og offisiell fullstendig ulykkesstatistikk ligg soleis ikkje føre før i mai påfølgjande år. Det er difor vanskeleg å seie noko konkluderande om ulukkesutviklinga, og me kan heller ikkje gje noko årsaksanalyse ut over ei enkel faktaoppsumming.

Oversikt over dødsulukker i Hordaland pr. 1.9 2018 – med atterhald om endringar:

<b>Dato</b>	<b>Veg</b>	<b>Kommune</b>	<b>Sted</b>	<b>Ulukestype</b>	<b>Drepne</b>
23/4	Rv555	Bergen	Damsgårdstunnelen	Utforkjøring med personbil	Mann, 37 år, fører av personbil
15/5	Fv 381	Masfjorden	Stordalsvegen v/ Fossen	Sykkelenulykke	Mann, 47 år, fører av sykkel
27/5	Privat	Askøy	Erdal	Barn påkjørt av personbil	Barn, 1 år, fotgjenger
25/6	Fv 544	Kvinnherad	Sæbøvik, Halsnøy	Utforkjøring med personbil	Mann, 19 år, fører av personbil
16/7	Fv 57	Lindås	Furubergtunnelen	Møteulykke personbil og lastebil	Kvinne, 56, fører av personbil
19/7	E 16	Vaksdal	Dale	Utforkjøring med MC	Mann 22 år, mann 19 år, fører og passasjer MC

Dato	Veg	Kommune	Sted	Ullukkestype	Drepne
22/8	Fv 57	Lindås	Herland	Møteulykke personbil og lastebil	Mann, 53, fører av personbil

## Oppsummert:

- 8 omkomne i perioden 23. april – 22. august 2018, der 5 omkom i sommarulykker. (sommar = juni, juli og august). Normalt er det fleire alvorlege trafikkulykker i sommarmånadane enn resten av året
- 4 omkomne på fylkesveg (2 på fv 57), 3 på riksveg og 1 på privat veg. Normalt skjer det flest alvorlege ulukker på fylkesveg og riksveg
- stor geografisk spreing
- variasjon i alder, men ingen eldre registrert omkomne so langt
- to omkomne i tunnelulukker
- flest omkomne i utforkøyrings- og møteulukker ; samsvarar med tendens i landet elles
- for 1. kvartal 2018 der me har nokolunde oppdaterte tal så var det i Hordaland registrert til saman 7 drepne og hardt skadde (atterhald om endringar) mot 13 i same periode i 2017.

Generelt er erfaringa at det kan vere store og dels tilfeldige variasjonar over året og frå år til år. Dette er gjerne illustrert av det faktum at det ikkje var registrert drepne i Hordaland fram til 23.4 men deretter 8 drepne fram til 22.8. Me vil og gjere merksam på at ulukkestala i statistisk samanheng representerer låge talverdiar slik at ein må vere varsam med å trekke eintydige konklusjonar.